

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 23. februar 2016.

Møtestad: Kommunehuset i Nissedal.

Tilstades: Regionordførar Erik Skjervagen, Halvor Homme, Jon Rikard Kleven, Tarjei Gjelstad, Halfdan Haugan, Ketil Kiland, Sverre Sæter, Jan Myrekrok, Øystein Tveit, Kari Gro Espeland, Brit Houge, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggnes.

Frå Telemark fylkeskommune møtte fylkesvaraordførar Hans Edvard Askjer og regionkontakt Therese Surdal Lahus.

Halvor Homme ynskte vel møtt til Nissedal og gav innleiingsvis ei kort orientering om kommunen.

Møtet vart leia av regionordførar Erik Skjervagen.

Møteinnkallinga vart samrøystes godkjent. Jon Rikard Kleven hadde merknad til saklista om *sak 05/2016 Prioritering av hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet.*

Kleven viste til § 11 i vedtektene gjeldande vetorett i høve til handsaming av saker, og ba om at sak 05/2016 måtte handsamast som drøftingssak utan nokon form for vedtak om trasé.

Merknaden vart samrøystes teke til fylgje.

Sak 01/2016 Referat frå rådsmøte 20. oktober 2015.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 20. oktober 2015 vart samrøystes godkjent.

Sak 02/2016. Veksling av møtestad for Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag om at Vest-Telemarkrådet vekslar møtestad mellom dei ulike kommunane.

Forslaget fekk full tilslutning på møtet og det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet vil inneverande år veksle møtestad slik at møta skifter mellom dei ulike kommunane. Det må vera eit visst rom for fleksibilitet i høve til rekkjefylgje og veksling mellom dei ulike stadiene ettersom sakene/situasjonen tilseier dette. Opplegget blir gjenstand for evaluering når året er omme. Regionrådsleiar får fullmakt til å legge opp rekkefølga mellom dei ulike stadene.

Sak 03/2016 Politisk og administrativ kontakt mellom Telemark fylkeskommune og Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre initiativ frå Telemark fylkeskommune om oppretting av såvel politisk som administrativ deltaking i Vest-Telemarkrådets møte, og fylkesvaraordførar Hans Edvard Askjer og regionkontakt Therese Surdal Lahus var tilstades i møtet.

Det har også i tidlegare år vore slike ordningar, men desse har etterkvart "slutta å virke".

I samband med dette hadde fylkeskommunen på førehand invitert Rådet til å kome med innspel til kva den administrative funksjonen skal innehalde.

Frå administrasjonen låg det føre forslag til oppgåver som kan ligge til denne rolla.

Samrøystes vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til det framlagte forslaget til innspel.

Sak 04/2016. Akutt beredskap og base for ambulanshelikopter i Vinje.

Det låg føre notat utarbeidd av Jon Rikard Kleven innehaldande solid argumentasjon for stasjonering av ambulanshelikopter i Vinje. Vest-Telemarkrådet har i løpet av dei 8 - 9 siste åra handsama temaet ved fleire høve, og støtta slik stasjonering.

I rådsmøtet orienterte Jon Rikard Kleven nærare om saken, og det låg føre forslag til uttale.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale i saken. Uttala blir å sende til Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget, Telemarksbenken og Telemark fylkeskommune.

Samrøystes vedtak.

Sak 05/2016. Prioritering av hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet.

Samferdselsdepartementet har tinga ei konseptvalsutgreiing (KVU) for strekningen Gvammen - Vågsli i samband med arbeidet rundt prioriteringa av hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Utgreiinga skal ligge føre innan 1. september 2016, og vegvesenet har invitert til "verkstad" 3. mars for å få innspel frå dei ulike interessegruppene.

Børge Skårdal frå *E134 Haukelivegen AS* orienterte om 2 saker: Haukeli-tunnelane og kopling av E134 med sambandet til Bergen.

Regjeringa har bestemt at KVU for Bergens-greina ikkje skal gjerast no, noko det er grunn til å stille spørsmål ved. Dersom NTP en kjem med mykje pengar til E134 er det ein situasjon, mens det er ein annan situasjon dersom det ikkje kjem mykje pengar. Mykje avheng derfor av kva som kjem i NTP en. Sidegreinene Rv 36 og Rv 41 spelar viktige roller i samband med E134 som aust-vestkorridor og vidare prioritering.

Vedtak: Orienteringa takast til vitande.

Sak 06/2016 Høyring - forslag til nytt inntektssystem.

Forslag til nytt inntektssystem for kommunane var sendt på høyring i desember 2015 og låg til grunn for saken. Av høyringsbrevet går det fram at Kommunal- og moderniseringsdepartementet med dette ynskjer ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet, og at denne også sjåast i samanheng med kommunereformen. Det låg føre forslag til uttale i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til det framlagte forslaget til uttale, med endra formulering av siste strekpunktet i uttala. Samrøystes vedtak.

Sak 07/2016. Strategi for kommunenes samarbeid om nettsider.

Ole orienterte innleiingsvis om forlaget til strategi.

Vest-Telemarkrådet har stått for finansiering og drift av nettstaden www.vest-Telemark.no sidan 2003. Med utgangspunkt i å kjøpe inn tenester frå eksternt hald framfor å tilsette fast webredaktør, låg det føre forslag om å gjennomføre endringar som ivaretek dei regionale interessene vidare og samstundes styrke kommunenes fellesarbeid gjennom web-forum.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til den framlagte strategien, der vi flytter informasjonen frå [Vest-Telemark.no](http://www.vest-Telemark.no) og styrker kommunanes fellesarbeid gjennom web-forum. Samrøystes vedtak.

Sak 08/2016. PP-tenesten i dei vidaregåande skulane i Vest-Telemark - forslag om overføring til Midt-Telemark.

På bakgrunn av signal frå administrasjonen i Telemark fylkeskommune om å flytte PP-tjenesten ved dei vidaregåande skulane i Vest-Telemark til Midt-Telemark, var dette oppe til nærare drøfting i Rådet. Dagleg leiar i Vest-Telemark PPT, Torunn Kittilsen, orienterte innleiingsvis om saken, og frå Telemark fylkeskommune orienterte regionkontakt Therese Surdal Lahus om bakgrunnen for endringsforslaget.

Det er ikkje manglande kvalitet som ligg til grunn for endringsforslaget, men fylkeskommunen ynskjer meir styring med tenesten, og kan ikkje sjå at dagens organisering er tenleg i den samanheng. Det er ynskje om berre eitt kontor i øvre distrikt med grunnjevna i å få eit best mogleg og likeverdig tilbod i heile fylket.

Konsekvensane for vår region ved ei mogleg omlegging er: auka reiseavstander, brot på eit gjennomgåande tenestetilbod frå førskule til vidaregåande skule, redusert lokalkunnskap, redusert fagmiljø ved Vest-Telemark PPT, og eit tilbod som blir flytta ut av regionen.

I ordsiftet kom det fram at Vest-Telemarkrådet ynskjer å vidareføre dagens ordning og at ein vil invitere til tettare samarbeid med fylkeskommunen om dette.

Det er viktig å signalisere at regionen ikkje er fastlåst i organisasjonsform, og at ein ynskjer vidare dialog med fylkeskommunen før endeleg avgjerd vert teke i saken.

Vedtak: Med utgangspunkt i det som har kome fram i drøftingane, får regionrådsleiar i oppdrag å lage uttale frå Vest-Telemarkrådet. Forslaget godkjennast av regionordførar og sendast snarast til Telemark fylkeskommune slik at dette kjem med i den politiske handsaminga.

Sak 09/2016. Orienterings- og drøftingssaker.

Med utgangspunkt i den vidare møteverksemda, vedtok Vest-Telemarkrådet å utsette dei oppsette orientering- og drøftingssakene til neste møte.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes